



Frank Rune Dale
Sagstadvegen 67
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1094 - 19/10789

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

14.05.2019

Foryngingsplikt etter hogst

I medhald av lov om skogbruk § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk kap. 3 (§§ 6-8) har du som skogeigar plikt til å gjennomføra naudsynte tiltak for å sikra tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst.

Bakgrunn:

Fylkesmannen i Hordaland har saman med Meland kommune gjennomgått registrerte data i skogfondsystemet for hogst av gran og foryngingsarbeid på din eigedom. Vi har ikkje registrert noko tilfredsstillande foryngingstiltak etter den registrerte avvirkinga.

Forklaringar på dette kan vere:

- Avvirkning er tynningshogst
- Arealet er tilrettelagt naturleg forynging
- Arealet er omdisponert til andre føremål enn skogproduksjon
- Arealet er planta utan bruk av skogfond
- Andre alternativ som kjem fram av eigenmeldingskjema

Vi ber deg gi ein tilbakemelding på kvifor det ikkje er registrert foryngingstiltak etter den registrerte avvirkinga. Vær vennleg og bruk vedlagte eigenmeldingskjema til dette.

Vi ber deg returnera eigenmeldingskjema innan **14.06.2019** til Meland kommune v/skog- og miljøkonsulent, Postboks 79, 5906 Frekhaug.

Dersom kommunen ikkje mottar eigenmeldingskjema vil tilhøvet bli fylgd opp etter føresegn om foryngingsplikt i skogbrukslova.

Utnytt skogfond og få skattefordelar:

Du kan finansiera planting med midlar frå skogfondskontoen din. Ved bruk av desse midlane får du ein betydelig skattefordel. Les meir på www.skogfond.no

Ønskjer du meir informasjon ta kontakt med skogbruksansvarleg i kommunen Marius F. Knudsen, tlf. 56 17 11 86 eller ein lokal skogbruksorganisasjon i ditt område.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

Eigenmeldingskjema for oppfølging av skogeigars foryngingsplikt

Mottakere:

Frank Rune Dale

Sagstadvegen 67 5919

FREKHAUG